



MØTEBOK

Styremøte i Røldal Fjellstyre

Tidspunkt: Måndag 26 februar 2018

Stad: Biblioteket

Til stades på møtet: Torleif Fresvik, Håkon Småbrekke, Randi Legård, Dag Sverre Ekkje, Anne Marie G. Rabba

Andre til stades på møtet: Sveinung Olsnes, sekretær

Saker til styremøtet

Sak 01/18: Referat og meldingar

Sak 02/18: Godkjenning av årsrekneskap og årsmelding 2017

Sak 03/18: Orientering om økonomi, langtidsbudsjett

Sak 04/18: Regulering av prisar for 2018

Sak 05/18: Budsjett for 2018

Sak 06/18: Høyring på fjerning av Hjorteviltforskrifta § 30

Sak 07/18: Reinsjakta 2018

Sak 08/18: Rullering av Regional plan for HV

Sak 09/18: Motteke brev frå Jan Øvregård mfl

Sak 10/18: Byggesak i Sandvikje

Sak 11/18: Orientering frå sekretær, aktuelle saker

Sak 12/18: Eventuelt

Me stadfetster med våre underskrifter at møteboka samsvarar med det som kom fram på møtet.

Torleif Fresvik/s/

Håkon Småbrekke/s/

Randi Legård/s/

Dag Sverre Ekkje/s/

Anne Marie G. Rabba/s/

Røldal Fjellstyre –5760 Røldal

Leiar: tlf 917 95 085- epost: leiar.roldal@fjellstyrene.no Sekretær: tlf 902 13 655- epost: roldal@fjellstyrene.no

www.hardangervidda-fjellstyra.no



Sak 01/18: Referat og meldingar

Saksdokument:

2017.11.17-652.1.Fiskefondet i Røldal-søknad om støtte til utsetting
2017.12.05-001.5.Villreinutvalet-Resultat kalvetelling HV 19 07 2017
2017.12.05-001.5.Villreinutvalet-Resultat strukturtelling HV 2017
2017.12.06-012.1.2.TIL Odda kommune-møtebok 041217
2017.12.5-001.5.Villreinutvalet-Kortanalyse 2017
2018.01.04-001.5.Villreinutvalet-Fredningssoner 2013 2017 oppsummering SE
2018.01.10-017.1.Ove Lynghamar-SAKER TIL MØTE
2018.01.17-012.1.2.Til Fjellstyret-NOTat etter møtet 150118-signed
2018.01.17-36.Statskog-Søknad om utedo Sandvikje
2018.01.22-640.1.Tjemsland Tor Helge-innspel til fiskeforvaltning og reglar
2018.01.22-642.2.Uvik FS-Stongfiskeoppgjer vidda 2017
2018.01.23-011.8.Ulvik FS-Møtebok 19.12.17
2018.01.31-001.1.MDIR-Høring - forslag om å oppheve hjorteviltforskriften § 30
2018.02.13-011.3.NFS-høring villreinkort

Saksutgreiing:

Sekretær orienterar under møtet.

Brevet frå T.H. Tjomsland bør gåast gjennom munnleg og drøftast før ein kjem tilbake til dette som eiga sak på neste møte.

Forslag til vedak:

Ingen

Referat:

Gjennomgang ved sekretær.

Fjellstyret tek brevet til Tjemsland til vitande og ynskjer ein gjennomgang av fiskereglane til neste møte.

Vedtak:

Styret tek orienteringa til vitande

Sak 02/18: Godkjenning av årsrekneskap og årsmelding 2017

Saksdokument:

Rekneskap for 2017
Balanse 2017
Årsmelding 2017

Røldal Fjellstyre –5760 Røldal

Leiar: tlf 917 95 085- epost: leiar.roldal@fjellstyrene.no Sekretær: tlf 902 13 655- epost: roldal@fjellstyrene.no

www.hardangervidda-fjellstyra.no

**Saksutgreiing:**

Rekneskapen for 2017 syner eit underskot på kr 7841,-, men rekneskapen går i pluss etter renteinntekter og endar på 12 574,-. Budsjettet for 2017 var gjort opp med 38996 i pluss. Hovudgrunnen til underskotet er at det har vorte bruka til saman ca 40000 meir på settefisk og helikoptertransport i forbindelse med utsetjing enn det som var budsjettert.

Framlegg til vedtak:

Ingen

Referat:

Det vert peika på nokre feil i årsmeldinga. Det er ikkje seld fiskekort på anna enn Inatur og turistinformasjonen. Det er heller ikkje seld småviltjakt i 2017. Dette vert retta. Gjennomgang av rekneskapen ved sekretær. Styret har ikkje merknader.

Vedtak:

Styret godkjenner framlagde rekneskap med atterhald om revisors godkjenning. Styret godkjenner framlagde årsmelding med endringar.

Samrøystes

Sak 03/18: Orientering om økonomi, langtidsbudsjett**Saksdokument:**

Langtidsbudsjett for Røldal FS (leggast fram på møtet)

Saksutgreiing:

Økonomien til Røldal FS har ein nøye samanheng med kvotestorleiken på villrein på Hardangervidda. Ein har dei seinare åra hatt relativt store kvotar og derfor stor inntekt. Det har og vore avgjerande for økonomien at ein har kunna seld kort til utanbygds til dobbel pris. Det er her overskotet og investeringsmidlane til Røldal FS har lege.

Slik det ser ut no er det mykje som tydar på at me går inn i ein periode med relativt låge kvotar.

Fjellstyret bør derfor ta nokre grep for å justere økonomien i høve dette. Det er svært få kostnader som er justerbare for fjellstyret då drifta allereie er svært nøktern.

Det vil derfor vere inntektssida som bør justerast. Røldal FS har mykje å gå på i høve andre tilbydarar på Hardangervidda, herunder dei andre Statsallmenningane. Her bør det vere noko å hente.



Sakshandsamar legg fram langtidsbudsjett med investeringsbudsjett på møtet for å synleggjere kva for utslag ulike modellar vil gjere. Det er ynskjeleg med ein god gjennomgang av langtidsøkonomien i fjellstyret.

Framlegg til vedtak:

Ingen

Referat:

Sekretær legg fram langtidsbudsjett som syner underskot i fleire år framover. Likviditeten vil og gå ned nokre år, men det vil vere rom for investeringar i forsiktig grad.

Vedtak:

Styret tek orienteringa til vitande.

Sak 04/18: Regulering av prisar for 2018**Saksdokument:**

Ingen

Saksutgreiing:

Fiske:

Her er det forskrift om jakt, felling, fangst og fiske som er førande for prissetjinga. Direktoratet fastset maksprisar for kva ein kan ta for fiskekort på Statsallmenning. Pristaket for innlandsfiske er fram til 2021:


Dagskort: 100,-

Vekekort: 350,-

Sesongkort: 700,-

I dag er Røldal FS med på fellesordning saman med Ulvik, Ullensvang og Eidfjord. Her kostar årskort 500 og vekekort 300.

I dag har Røldal FS desse prisane: dagskort 50,-, 3 dagarkort 100,-, vekekort: 150,- og årskort 300,-. I utgangspunktet meiner sakshandsamar det ville vere fornuftig å nytte pristaket på fiskekort, og ein bør innstille for dei andre fjellstyra på å auke prisen på fellesfiskekortet. På fellesfiskekort kan ein etter prisramma ha prisar opp til det dobbelte av prisramma i forskrifta. Adminstrasjonen i dei ulike fjellstyra har vorte einige om å føreslå nye prisar på fellesfiskekortet fom inneverande år til 500,- for vekekort og 1000,- for årskort. Sakshandsamar vil tilrå Røldal Fjellstyre å vere med på denne justeringa.



I tillegg meiner sakshandsamar det absolutt er på tide å justere opp prisane på fiskekort på Røldal SA. Sakshandsamar føreslår desse prisane til å gjelde fom inneverande år.

Dagskort: 100,-

3 dagarskort: 250,-

Vekekort: 350,-

Årskort: 700,-

Same pris for innan- og utanbygds.

Sesongkort for garnfiske innanbygds (gjeld også som sesongkort for stongfiske): 400,-

Villreinjakt:

Gjeldande prisrammer for utanbygds er:

Fritt dyr: 6500,-

Simle/Ungdyr: 3400,-

Kalv: 1600,-

Dagens prisar:

Fritt dyr: 2800,-

Simle/Ungdyr: 1800,-

Kalv: 800,-

Sakshandsamar tilrår ei forsiktig auke i prisane i år for å halde tritt med kostnadsnivået elles.

Forslag til nye prisar for inneverande år:

Fritt dyr: 3200,-

Simle/Ungdyr: 2000,-

Kalv: 1000,-

Halv pris for innanbygds.

Framlegg til vedtak:

Røldal Fjellstyre fastset nye prisar frå og med sesongen 2018 i tråd med forslag i saksutgreiing. Sekretær får fullmakt til å justere prisen opp på fellesfiskekortet i samråd med dei andre fjellstyra i ordninga. Fullmakta gjeld prisjustering opp til 500,- for vekekort og 1000,- for årskort.

Røldal Fjellstyre –5760 Røldal

Leiar: tlf 917 95 085- epost: leiar.roldal@fjellstyrene.no Sekretær: tlf 902 13 655- epost: roldal@fjellstyrene.no

www.hardangervidda-fjellstyra.no

**Referat:**

Gjennomgang av saka ved leiar og sekretær.
Kort diskusjon om prisnivået.

Styret samlar seg raskt om å godkjenne forslag til vedtak.

Vedtak:

Røldal Fjellstyre fastset nye prisar frå og med sesongen 2018 i tråd med forslag i saksutgreiing. Sekretær får fullmakt til å justere prisen opp på fellesfiskekortet i samråd med dei andre fjellstyra i ordninga. Fullmakta gjeld prisjustering opp til 500,- for vekekort og 1000,- for årskort.

Vedtaket er gjort med heimel i Fjellova §§23,24,25 og §§ 28 og 29

Samrøystes

Sak 05/18: Budsjett for 2018

Saksdokument:

Budsjett for 2018

Saksutgreiing:

Budsjettet er lagt fram med føresetnad om opning av småviltjakt og auka prisar i tråd med forslag i sak 04/18

Framlegg til vedtak:

Ingen

Referat:

Budsjettet vert gjennomgått av sekretær.

Inntektene vert justerte i tråd med gjeldande kvoteforslag.

Torleif Fresvik: ynskjer å halvere sitt eige honorar samt gå ned i møtegodtgjering.

Dag Sverre Ekkje: meiner leiar skal ha sitt honorar då det er mykje arbeid med dette.

Meiner det ikkje er dramatisk å gå i underskot nokre år. Meiner ein heller kan spare inn på å ha ferre møte.

Dei andre fjellstyremedlemene støttar Ekkje i dette og styret samlar seg om forslag til budsjett.

Vedtak:

Styret vedtek framlagde budsjett med endringar.

Samrøystes

Røldal Fjellstyre –5760 Røldal

Leiar: tlf 917 95 085- epost: leiar.roldal@fjellstyrene.no Sekretær: tlf 902 13 655- epost: roldal@fjellstyrene.no

www.hardangervidda-fjellstyra.no



Sak 06/18: Høyring på fjerning av Hjorteviltforskrifta § 30

Saksdokument:

Vedtak frå handsaming i Fjellstyra på Hardangervidda as

Saksutgreiing:

Viser til saksutgreiing gjort av FH as.

Framlegg til vedtak:

Røldal FS støttar forslag til uttale gjort av styret i FH as og stiller seg bak dette.

Referat:

Gjennomgang ved sekretær og leiar.

Håkon Småbrekke: stiller spørsmål om ikkje ein kunne klart seg utan kort. Viser til elg-og hjortejakt.

Torleif Fresvik: vil ikkje tilrå fjerning og viser til argumenta i saksutgreiing i FH sak.

Kort diskusjon der styret til slutt samlar seg om å gå for forslag til vedtak etter at leiar har spurt om det nokon som er i mot dette.

Vedtak:

Røldal FS støttar forslag til uttale gjort av styret i FH as og stiller seg bak dette.

Samrøystes

Sak 07/18: Reinsjakta 2018

Saksdokument:

Saksutgreiing:

Det er mykje som tyder på at ein i inneverande år vil få mykje lågare kvote enn det har vore dei seiste åra. Dei tre seiste teljingane viser om lag 7000 dyr på vidda før kalving. Historisk kan ein då forvente ein kvote på ca 3000 dyr. Dette kan bli både færre og fleire.

Uansett vil det bli lite kort i omløp. Røldal FS vil få om lag 120 kort dersom kvoten blir 3000. Sakshandsamar vil derfor tilrå at ein ikkje sel kort til utanbygds i år då det vil vere stor etterspurnad etter kort for innanbygds.

Samjakt:

I 2017 var tilbodet frå Røldal SA at jegerar som har kort på HA290 og HA300 kan jakte på Røldal SA i den delen som ligg vest for turiststien (Haukelisæter-Litlos) mellom Telemark grense i sør og grensa mot Ullensvang SA i nord. Jegerar som har løyst jaktkort på Røldal SA kan i tillegg nytte private kort frå HA290 og HA300 på heile Røldal SA. Tilbodet gjeld i heile jakta og Røldal FS set ikkje andre vilkår for avtala enn at alle med kort på Røldal SA kan jakte utan anna vederlag på heile HA290 og heile HA300. Avtala skal underskrivast av leiar eller sekretær for å vere gyldig.

Røldal Fjellstyre –5760 Røldal

Leiar: tlf 917 95 085- epost: leiar.roidal@fjellstyrene.no Sekretær: tlf 902 13 655- epost: roidal@fjellstyrene.no
www.hardangervidda-fjellstyra.no

Fjellstyret må ta stilling til om dette tilbodet skal vidareførast i same form eller om ein kan sjå for seg andre måtar å regulere dette på. Sakshandsamar ynskjer å peike på nokre alternativ som elles er mykje bruka blant fjellstyra på Hardangervidda.

- Ein kan ta eit gebyr jfr Rauland og Øvre Numedal der kvar jeger betalar ein sum pr framandkort dei ynskjer å nytte på allmenningen. Summen kan og vere pr jeger der kvar jeger som betalar kan ta med seg så mange kort han vil.
- Rauland har og ei ordning der ein annan grunneigar betalar eit eingongsbeløp for at alle jegerane der kan jakte på Rauland SA.
- Ullensvang, Rauland, Numedal og Ulvik har og hatt ulike former for avtaler der eit vald gjev frå seg eit vist tal kort mot å få samjakt med eit vist tal jegerar.
- Enkelte år har det og vore avtaler om samjakt som er avgrensa i tid. Til dømes berre på vekedagar og ikkje i helger.

Sakshandsamar kan gje nærare greie for desse avtalene i møtet dersom det er naudsynt.

Ein tilrår fylgjande reglar for tildeling og jakt i 2018:

1. Det er tillete med jaktlag for dei som har kort på HA280. jaktlaget kan ha opptil 5 jegerar. Avtale må utformast og underskrivast av fjellstyret/sekretær.
2. Det vert berre gjeve tilbod til innanbygds jegerar i 2018 pga låg fellingskvote. Kvar jeger må ta opptil tre kort kvar. Dersom det er for lite kort til at alle kan få tre kort vert tilbodet to kort. Er det ikkje nok kort til at alle kan få to kort kvar må nokon ta eit kort. Dette vert styrt av trekningslista der dei fyrste på lista får tildelt flest dyr. Dei som ikkje fekk tildela fritt dyr i 2017 har førerrett til dette i 2018.
3. Det er tilbod til studentar, dei over 70, uføre og ektefeller/sambuarar (av dei som tek ut kort) om å berre ta ut eit kort. Denne ordninga vert vidareført.
4. Søknadsfristen for innanbygds jegerar er som tidlegare innan avslutningsdagen på Røldalsmarknaden.
5. Jakttida på villrein på Røldal Statsallmenning i 2018 er frå 20 august kl 0700 tom 30 september kl 1900. Det skal fortsat vere nattefredning frå 1900 til 0700 som før.
6. Fredningssona på Røldal Statsallmenning vert oppretthalden. Om andre fjellstyre fjernar eller endrar sine fredningssoner slik at dei ikkje lengre ligg inntil fredningssona på Røldal SA vert sona fjerna utan anna vedtak.
7. Røldal Fjellstyre opnar for samjakt med HA 290 og HA 300 etter søknad. Her må fjellstyret bestemme nærare reglar for samjakta.

Framlegg til vedtak:

Røldal FS vedtek fylgjande reglar og retningslinjer for jakta 2018. Det er ikkje endringar som vil påverke kommunens uttalerett etter fjellova.

1. Det er tillete med jaktlag for dei som har kort på HA280. jaktlaget kan ha opptil 5 jegerar. Avtale må utformast og underskrivast av fjellstyret/sekretær.

Røldal Fjellstyre –5760 Røldal

Leiar: tlf 917 95 085- epost: leiar.roldal@fjellstyrene.no Sekretær: tlf 902 13 655- epost: roldal@fjellstyrene.no
www.hardangervidda-fjellstyra.no



2. Det vert berre gjeve tilbod til innanbygds jegerar i 2018 pga låg fellingskvote. Kvar jeger må ta opptil tre kort kvar. Dersom det er for lite kort til at alle kan få tre kort vert tilbodet to kort. Er det ikkje nok kort til at alle kan få to kort kvar må nokon ta eit kort. Dette vert styrt av trekningslista der dei fyrste på lista får tildelt flest dyr. Dei som ikkje fekk tildela fritt dyr i 2017 har førerrett til dette i 2018.
3. Det er tilbod til studentar, dei over 70, uføre og ektefeller/sambuarar (av dei som tek ut kort) om å berre ta ut eit kort. Denne ordninga vert vidareført.
4. Søknadsfristen for innanbygds jegerar er som tidlegare innan avslutningsdagen på Røldalsmarknaden.
5. Jakttida på villrein på Røldal Statsallmenning i 2018 er frå 20 august kl 0700 tom 30 september kl 1900. Det skal fortsat vere nattefredning frå 1900 til 0700 som før.
6. Fredningssona på Røldal Statsallmenning vert oppretthalden. Om andre fjellstyre fjernar eller endrar sine fredningssoner slik at dei ikkje lengre ligg inntil fredningssona på Røldal SA vert sona fjerna utan anna vedtak.
7. Røldal Fjellstyre opnar for samjakt med HA 290 og HA 300 etter søknad. Punktet vert elles lagt fram utan vidare tilråding.

Referat:

Orientering ved leiar.

Torleif Fresvik: ynskjer å utsetje punkt 7 då det ikkje er kalla inn vara for dei som er ugilde. Meiner elles at dei andre punkta kan stå slik dei er utanom punkt 6 der han har forslag om å endre fredningssona i ei rett line frå Eltaren til innløpet i Store Uravatnet.

Dersom Ullensvang fredar som tidlegare føreslår han å oppretthalde sona som før.

Styret har ikkje sterke meiningar om dette, men samlar seg om forslaget til Fresvik. Styret utset punkt 7 til neste møte og ynskjer at dei som ynskjer samjakt må sende skriftleg søknad om dette til fjellstyret innan 15 mars.

Dag Sverre Ekkje: meiner ein må diskutere om ein skal opne for at jegerar kan ha kort både på sør og nord.

Kort diskusjon omkring temaet. Styret samlar seg om at jegerane må velje dersom dei får kort i begge trekkingar. Det vert laga eit nytt punkt 8 som omhandlar dette.

Dag Sverre Ekkje: skal dei som vert trekte ut og får tilbod som likevel takkar nei stille bak på lista neste to åra?

Torleif Fresvik: meiner det ikkje er noko problem i praksis.

Dag Sverre Ekkje: bør vurdere dette då nokon kan spekulere i dette.

Randi Legård: bør vurdere dette. Meiner dei bør ut av trekkinga i to år som dei som tek ut kort.

Håkon Småbrekke: dette kan takast opp til diskusjon på jegermøte.

Styret samlar seg om dette og ynskjer å høyre jegerane sitt synspunkt.

Randi Legård: meiner ein bør endre punkt 2 slik at ein kan selgje kort til utanbygds dersom det vert noko til overs.

Styret har ikkje andre forslag.

Røldal Fjellstyre –5760 Røldal

Leiar: tlf 917 95 085- epost: leiar.roldal@fjellstyrene.no Sekretær: tlf 902 13 655- epost: roldal@fjellstyrene.no

www.hardangervidda-fjellstyra.no

**Vedtak:**

Røldal FS vedtek fylgjande reglar og retningslinjer for jakta 2018. Det er ikkje endringar som vil påverke kommunens uttalerett etter fjellova.

1. Det er tillete med jaktlag for dei som har kort på HA280. jaktlaget kan ha opptil 5 jegerar. Avtale må utformast og underskrivast av fjellstyret/sekretær.
2. Det vert berre gjeve tilbod til innanbygds jegerar i 2018 pga låg fellingskvote, dersom det likevel vert att kort kan fjellstyret legge ut kort for sal til utanbygds utan søknad. Kvar jeger må ta opptil tre kort kvar. Dersom det er for lite kort til at alle kan få tre kort vert tilbodet to kort. Er det ikkje nok kort til at alle kan få to kort kvar må nokon ta eit kort. Dette vert styrt av trekningslista der dei fyrste på lista får tildelt flest dyr. Dei som ikkje fekk tildela fritt dyr i 2017 har førerett til dette i 2018.
3. Det er tilbod til studentar, dei over 70, uføre og ektefeller/sambuarar (av dei som tek ut kort) om å berre ta ut eit kort. Denne ordninga vert vidareført.
4. Søknadsfristen for innanbygds jegerar er som tidlegare innan avslutningsdagen på Røldalsmarknaden.
5. Jakttida på villrein på Røldal Statsallmenning i 2018 er frå 20 august kl 0700 tom 30 september kl 1900. Det skal fortsatt vere nattefredning frå 1900 til 0700 som før.
6. Fredningssona på Røldal Statsallmenning vert oppretthalden dersom Ullensvang si sone vert uforandra. Dersom Ullensvangsona vert endra i tråd med høyringsforslag pr 270218 ynskjer Røldal Fjellstyre å endre fredningssona til å gjelde aust for ei rett line frå Austre Eltareen til innløpet på Store Uravatn.
7. Røldal Fjellstyre vil ha skriftleg søknad frå dei som ynskjer samjakt innan 15 mars 2018. Søknadar etter dette vert ikkje handsama.
8. Jegerar som får tilbod om kort både sør for E134 og nord for E134 må velje kor dei ynskjer kort.

Vedtaket er med heimel i fjellova §§ 23 og 24

Fjellstyret tek atterhald om godkjenning av kommunen i punkt 6.

Samrøystes

Sak 08/18: Rullering av Regional plan for Hardangervidda**Saksdokument:**

Ingen

Saksutgreiing:

Gjeldande regional plan for Hardangervidda (2011-2025) skal rullerast og det er vedteke eit planprogram som gjev rammene for dette arbeidet. Dette har tidlegare vore oppe til debatt i fjellstyret. Hensikten med denne rulleringa er å rette opp svake punkt i gjeldande plan. For Røldal Fjellstyre sin del er det punktet om definisjonen på Valldalen som nasjonalt villreinområde som eventuelt kan vere tema for diskusjon.

Røldal Fjellstyre –5760 Røldal

Leiar: tlf 917 95 085- epost: leiar.roldal@fjellstyrene.no Sekretær: tlf 902 13 655- epost: roldal@fjellstyrene.no

www.hardangervidda-fjellstyra.no



Styringsgruppa og arbeidsgruppa for prosjektet består av representantar frå Fylkesmann, Fylkeskommune og kommunar i dei tre fylka rundt HV. I tillegg er Villreinnemda representert.

Spørsmålet ein må stille er om Røldal Fjellstyre i det heile skal handsame denne saka. Slik sakshandsamar ser det er ikkje dette ei sak som omhandlar drift av fjellstyret sidan arealet det er snakk om er utanfor Røldal SA. Det er Odda kommune som sit i arbeidsgruppa i denne prosessen og det vil derfor vere naturleg at dei som har innspel til planen nyttar denne kanalen for å få fremja sine syn.

Det er sterke interesser i Røldal både for vern og bruk av Valldalen. Dette kom også fram på møte i Odda 31 januar. Desse motstridande interessene finn ein att internt i Fjellstyret. Etter sakshandsamar si vurdering vil det vere lite føremålsteneleg å ta opp denne saka i Fjellstyret då den etter underteikna si meining ikkje høyrer heime her. Ein tilleggsdimensjon vil vere at dersom ein skal ta opp saka vil ein få nye konflikhtar i Fjellstyret som ikkje vil vere heldige på dette tidspunktet. Ein har no lagt bak seg tidlegare usemjer og fjellstyret treng no ro for å gjere eit godt arbeid.

Framlegg til vedtak:

Røldal Fjellstyre arbeider ikkje vidare med rullering av Regional plan for Hardangervidda då Statsallmenningen ikkje har areal innanfor det aktuelle området i Valldalen. Røldal Fjellstyre meiner dette er ein sak for kommunen og at dei som har innspel til planen må forhalde seg til prosessen i Odda kommune.

Referat:

Innleiing ved leiar.

Dag Sverre Ekkje: heilt eining i framlegg til vedtak.

Torleif Fresvik: meiner i utgangspunktet at fjellstyret kunne handsama denne saka, men meiner at det vil vere rett å la andre fora ta denne diskusjonen slik situasjonen er i fjellstyret. Støttar derfor framlegg til vedtak.

Dei andre styremedlemene støttar og framlegget.

Vedtak:

Røldal Fjellstyre arbeider ikkje vidare med rullering av Regional plan for Hardangervidda då Statsallmenningen ikkje har areal innanfor det aktuelle området i Valldalen. Røldal Fjellstyre meiner dette er ein sak for kommunen og at dei som har innspel til planen må forhalde seg til prosessen i Odda kommune.

Samrøystes

Sak 09/18: Motteke brev frå Jan Øvregård mfl

Saksdokument:

Brev frå Jan Øvregård m fl., sendt ut tidlegare

Saksutgreiing:

Røldal Fjellstyre –5760 Røldal

Leiar: tlf 917 95 085- epost: leiar.roidal@fjellstyrene.no Sekretær: tlf 902 13 655- epost: roidal@fjellstyrene.no

www.hardangervidda-fjellstyra.no



Jan Øvregård m fl etterlyser i sitt brev eit større engasjement «rundt villreinproblematikken». Utifrå brevet kan ein lese at dei med «problematikk» meiner at reinen sin arealbruk vert avgrensa av stadig større forstyrring av ulik menneskeleg aktivitet.

Det vert etterlyst større engasjement rundt villreinforvaltning blant fjellstyra generelt.

Det er bra med engasjement rundt villreinstamma på Hardangervidda. I desse dagar føregår det eit stort arbeid med registrering av ferdsle på Hardangervidda. Dette arbeidet saman med GPS data frå reinen vil gje oss heilt ny og god kunnskap om ferdsla på vidda. Arbeidet er venta avslutta i 2019. Dette arbeidet vil kunne gje heilt nye data som vil vere viktige nettopp i arbeidet med problemstillingane som vert teke opp av Jan Øvregård m fl.

Etter sakshandsamar si meining vil det vere naturleg å vente til dette arbeidet er ferdig med å konkludere med noko rundt dette med ferdsle. Det vert også jobba med ein besøksstrategi for Hardangervidda. Det er forventa eit utkast ut på høyring i april 2018. Her vil det og vere naturleg for fjellstyret å kommentere eventuelle punkt som omhandlar Røldal SA.

Sakshandsamar vil og peike på at større prinsipielle saker ofte vert teke opp i FH as. Ein kan her nemne seiste sak som omhandla DNT si planlagde nye nasjonale vandrerute langs Søre Nordmannsslepa som vart teke opp i FH og uttale vart sendt til DNT.

Røldal Fjellstyre både kan og bør uttale seg i saker som gjeld villreinspørsmål i sitt område. Etter fjellova skal fjellstyret handsame saker som har med brukarinteressene å gjere i allmenningen. Villrein og villreinjakt er i aller høgste grad omfatta av dette.

Sakshandsamar vonar at Jan Øvregård m fl i framtida vil oppleve at Røldal Fjellstyre vil vere på banen i saker der dette er naturleg.

Framlegg til vedtak:

Røldal Fjellstyre tek brevet frå Jan Øvregård m fl til vitande. Sekretær sender svar til Jan Øvregård med kopi av saka.

Referat:

Gjennomgang ved leiar.

Styret samlar seg om forslag til vedtak.

Vedtak:

Røldal Fjellstyre tek brevet frå Jan Øvregård m fl til vitande. Sekretær sender svar til Jan Øvregård med kopi av saka



Sak 10/18: Byggesak i Sandvikje

Saksdokument:

Høyringsbrev, Statskog
Opplysingar frå søkjar
Situasjonskart og bilete
Søknad om løyve

Saksutgreiing:

Etter fjellova § 12 skal Fjellstyret uttale seg i grunndisponeringssaker på Statsallmenning.

Statskog har oversendt denne saka som gjeld bygging av ny do i Sandvikje.
Fjellstyremedlemene er vel kjende i området og det vert ikkje bruka meir tid på dette her.

Etter § 12 i Fjellova kan grunndisponeringsvedtak berre skje dersom det «ikkje fører til vesentleg skade for nokon som har bruksrett, og under omsyn til prinsippa for naturvern»...

Denne saka omhandlar flytting av utedo frå ein stad til ein annan og kan ikkje ha tyding korkje for skade på bruksrett eller omsynet til naturvern.

Framlegg til vedtak:

Røldal Fjellstyre har ikkje merknader til bygging av ny utedo i Sandvikje.

Vedtaket er gjort etter § 12 i Fjellova

Referat:

Gjennomgang av sekretær og leiar.

Styret har ingen merknader.

Vedtak:

Røldal Fjellstyre har ikkje merknader til bygging av ny utedo i Sandvikje.

Vedtaket er gjort etter § 12 i Fjellova

Sak 11/18: Orientering frå sekretær, aktuelle saker.

Saksdokument:**Saksutgreiing:**

- Lovutval
- Fjellrev
- Nytt frå dei andre fjellstyra på HV.

Framlegg til vedtak:

Røldal Fjellstyre –5760 Røldal

Leiar: tlf 917 95 085- epost: leiar.roldal@fjellstyrene.no Sekretær: tlf 902 13 655- epost: roldal@fjellstyrene.no
www.hardangervidda-fjellstyra.no



Ingen

Referat:

Gjennomgang ved sekretær

Vedtak:

Styret tek orienteringa til vitande

Sak 12/18: Eventuelt

Saksdokument:

Saksutgreiing:

Framlegg til vedtak:

Referat:

Det kom opp to saker til handsaming:

1.høyring på villreinkvote:

Villreinutvalet har etter at innkallinga vart sendt ut sendt ut kvoteforslag på høyring. Det vert vidare vist til denne for utfyllande informasjon.

Styreleiar føreslo å endre kvoteforslaget frå 1500 til 2000 for å halde stamma på dagens nivå. Argumentet var å halde stamma låg for å hindre smittepress med tanke på CWD.

Styret samla seg om dette og sekretær sender inn høyringssvar.

2.Sekretær har vore innom på hyttene og sett over det elektriske anlegget i tråd med vedtak førre møte. Det er trong for utskifting av dei fleste lamper då mange er øydelagde og dei fleste ikkje er laga for å takle ledpærer.

Fjellopssynet kan ta på seg å kjøpe inn og montere nye lamper og ladepunkt på alle hyttene.

Styret går for denne løysinga.

Vedtak:

Røldal fjellstyre ynskjer å auke kvoten frå 1500 til 2000. sekretær sender høyringssvar til utvalet.

Fjellopssynet får fullmakt til å kjøpe inn nye lamper og utstyr for å montere desse og nye ladepunkt på alle hyttene. Fjellopssynet utfører jobben ila vinteren 2018.

Samrøystes



MØTEBOK

Styremøte i Røldal Fjellstyre

Tidspunkt: Måndag 28 mai 2018
Stad: Grendahuset

Til stades på møtet: Torleif Fresvik, Håkon Småbrekke, Oddbjørn Lynghammer (vara for Randi Legård), Dag Sverre Ekkje, Anne Marie G. Rabba

Andre til stades på møtet: Sveinung Olsnes, sekretær

Saker til styremøtet

- Sak 13/18: Referat og meldingar
- Sak 14/18: Samjaktavtaler 2018
- Sak 15/18: Retningslinjer for sekretær
- Sak 16/18: Informasjon om dei tilsette sin bruk av hytter
- Sak 17/18: Røldalsmarknaden
- Sak 18/18: Ny fordeling av fellesfiskekortet
- Sak 19/18: Fiskereglar Røldal SA
- Sak 20/18: Orientering frå sekretær, aktuelle saker
- Sak 21/18: Eventuelt

Me stadfester med våre underskrifter at møteboka samsvarar med det som kom fram på møtet.

Torleif Fresvik/s/ Håkon Småbrekke/s/ Oddbjørn Lynghammer/s/

Dag Sverre Ekkje/s/ Anne Marie G. Rabba/s/



Sak 13/18: Referat og meldingar

Saksdokument:

2018.02.27-017-1-Frå Helleik Rabbeø- søknad Samjakt RS 27 Feb 2018
2018.02.28-612.1.Svar på Høring Kvoteforslag HV 2018-signed
2018.03.05-012.1.2.Odda kommune-stadfesting av vedtak sak
2018.03.05-36.Statskog-Løyve til bygging Sandvikje
2018.03.22-001.1.MDir-oppsummering av høring om å oppheve hjorteviltforskriften § 30
2018.04.05-011.3.FHas-årsrapport 2017
2018.04.17-001.5.Villreinutvalets endelige anbefaling villreinkvote 2018
2018.04.25-011.3.FHAS-Plakat, overnatting på fjellstyrehytter, fjelloppsynet
2018.04.25-011.3.FHAS-Retningslinjer for sekretariat for fjellstyret

Saksutgreiing:

Sekretær orienterar under møtet.

Forslag til vedak:

Ingen

Referat:

Orientering ved leiar og sekretær.

Vedtak:

Styret tek orienteringa til vitande.

Sak 14/18: Samjaktavtaler 2018

Saksdokument:

Saksutgreiing:

I 2017 var tilbodet frå Røldal SA at jegerar som har kort på HA290 og HA300 kan jakte på Røldal SA i den delen som ligg vest for turiststien (Haukelisæter-Litlos) mellom Telemark grense i sør og grensa mot Ullensvang SA i nord. Jegerar som har løyst jaktkort på Røldal SA kan i tillegg nytte private kort frå HA290 og HA300 på heile Røldal SA. Tilbodet gjeld i heile jakta og Røldal FS set ikkje andre vilkår for avtala enn at alle med kort på Røldal SA kan jakte utan anna vederlag på heile HA290 og heile HA300. Avtala skal underskrivast av leiar eller sekretær for å vere gyldig.

I sak 07/18 vedtok fjellstyret at ein ynskte å handsame saker om samjakt etter søknader innkomne innan 15 mars 2018. Det har kome inn to søknader innan fristen frå HA 290 og HA 300.

Røldal Fjellstyre –5760 Røldal

Leiar: tlf 917 95 085- epost: leiar.roldal@fjellstyrene.no Sekretær: tlf 902 13 655- epost: roldal@fjellstyrene.no

www.hardangervidda-fjellstyra.no



Fjellstyret må ta stilling til om dette tilbudet skal vidareførast i same form eller om ein kan sjå for seg andre måtar å regulere dette på. Sakshandsamar ynskjer å peike på nokre alternativ som elles er mykje bruka blant fjellstyra på Hardangervidda.

- Ein kan ta eit gebyr jfr Rauland og Øvre Numedal der kvar jeger betalar ein sum pr framandkort dei ynskjer å nytte på allmenningen. Summen kan og vere pr jeger der kvar jeger som betalar kan ta med seg så mange kort han vil.
- Rauland har og ei ordning der ein annan grunneigar betalar eit eingongsbeløp for at alle jegerane der kan jakte på Rauland SA.
- Ullensvang, Rauland, Numedal og Ulvik har og hatt ulike former for avtaler der eit vald gjev frå seg eit vist tal kort mot å få samjakt med eit vist tal jegerar.
- Enkelte år har det og vore avtaler om samjakt som er avgrensa i tid. Til dømes berre på vekedagar og ikkje i helger.

Sakshandsamar kan gje nærare greie for desse avtalene i møtet dersom det er naudsynt.

I samband med vurdering av samjakt er det interessant å merke seg at Midtlæger Nord no har vald å trekke sin eigedom ut av samjaksamarbeidet i HA300. Dette er sannsynlegvis pga at det dei seiste åra har vore ein del dyr i området og at jakta derfor er betre enn på mange år. Slike svingingar i områdebruk må ein forvente å finne også i åra framover. Fjellstyret bør ha med seg at private grunneigarar vel å gjere det på denne måten i år der dei har god jakt, medan dei ynskjer samjakt i år der dei ikkje har så god jakt.

Det er og interessant å få klargjort om medlemmer av HA300 kan ta ut og reservere sine vald når tid som helst på året og elles bestemme om reglar/avtaler gjort av styret i HA300 skal gjelde på sine eigedomar eller ikkje. Dersom dette er tilfelle vert heile situasjonen svært uoversiktleg for alle involverte partar, og spesielt jegerane.

Leiar i Fjellstyret, Torleif Fresvik, har og kome med innspel til saka og har fylgjande forslag: *«Røldal Fjellstyre tilbyr til HA 290 og HA 300 ei ordning for villreinjakta 2018 der dei private valda betalar samme pris for fellingsløyver dei vil nytta på Statsalmenninga som det innanbygds jegrar betalar. Korta som skal nyttast på Statsalmenninga skal være betalt og påskrive av fjellstyre v/ sekretær/leiar innan 20. august.»*

Dette vert grunngjeve slik frå leiar:

«Fjellstyret vil i 2018 få sterkt reduserte inntekter på grunn av lav fellingskvote for villrein. Fjellstyret har tatt grep for å redusere eit evt underskot, antall styremøter er redusert, kun leiar møter på fellesmøter m overnatting, fiskekortprisane er auka, det samme er prisane på småviltjaktkort og villreinkorta.

I år kan det bli så lite kort at alle innanbygds ikkje får kort på Hardangervidda, sjølv om dei som tar kort på syd ikkje får kort på nord.

For å kompensere eit evt underskot tilbyr fjellstyret ei ordning der HA 290 og HA 300 får nytta heile Røldal Statsalmenning mot å betale samme pris for det antall fellingsløyver dei vil nytta på Statsalmenninga som det Fjellstyret tar betalt for korta. Det vert nytta kun ein pris (innanbygds).

I praksis vil det sei at det ikkje er ei samjaksordning, men eit tilbud til dei private valda i Røldal til å nytta Statsalmenninga med det antall kort dei betalar for.»

Røldal Fjellstyre –5760 Røldal

Leiar: tlf 917 95 085- epost: leiar.roldal@fjellstyrene.no Sekretær: tlf 902 13 655- epost: roldal@fjellstyrene.no

www.hardangervidda-fjellstyra.no

**Framlegg til vedtak:**

Ingen

Referat:

Gjennomgang av saka ved leiar.

Dag Sverre Ekkje: forslag om å utsetje saka då ein på dette grunnlaget ikkje kan vite kven ein faktisk inngår samjakt med. Må avklare korleis medlemene av HA 300 er forplikta av ei eventuell avtale. Dette må vere skriftleg.

Dei andre fjellstyremedlemene sluttar seg til dette.

Vedtak:

Saka vert utsett. Sekretær tek kontakt med HA 300 og får dokumentasjon på kven som skal vere omfatta av ei evt samjaktavtale. Dette skal vere skriftleg.

Samrøystes

Sak 15/18: Retningslinjer for sekretær**Saksdokument:**

Retningslinjer for sekretær vedteke av FHas

Saksutgreiing:

Det har fram til no ikkje eksistert noko skriftleg som regulerar tilhøvet mellom fjellstyret og tilsett sekretær. FHas nedsette ei arbeidsgruppe som skulle arbeide med dette spørsmålet og gruppa la fram sitt forslag til retningslinjer på seiste møte i FHas. Framlagde forslag til retningslinjer vart vedteke av FHas og vert oversendt til alle Fjellstyra for handsaming.

Retningslinjene er meint som ei klargjering av ansvar og rollefordeling mellom fjellstyret på den eine sida og den tilsette på den andre.

Retningslinjene er meint som eit tillegg til dei femårige avtalene mellom FHas og Fjellstyra.

Framlegg til vedtak:

Røldal Fjellstyre støttar framlagde retningslinjer for sekretær og ynskjer at desse skal gjerast gjeldande for Røldal FS.

Referat:

Gjennomgang ved leiar og sekretær

Ingen har motførestillingar eller kommentarar til framlagde retningslinjer.

Vedtak:

Røldal Fjellstyre –5760 Røldal

Leiar: tlf 917 95 085- epost: leiar.roldal@fjellstyrene.no Sekretær: tlf 902 13 655- epost: roldal@fjellstyrene.no

www.hardangervidda-fjellstyra.no

Røldal Fjellstyre støttar framlagde retningslinjer for sekretær og ynskjer at desse skal gjerast gjeldande for Røldal FS.

Samrøystes

Sak 16/18: Informasjon om dei tilsette sin bruk av hytter

Saksdokument:

Forslag til plakat på fjellstyrehyttene

Saksutgreiing:

I «alle år» har det vore vanleg praksis at fjellstyra stiller gratis husrom til disposisjon for dei tilsette når dei er på arbeid. Dette vil seie at alle tilsette bur på hyttene til alle fjellstyra ifbm arbeid når dette er naturleg.

I vinter vart det silt spørsmål om denne praksisen frå Odda Fjellstyre og det kom fram at dette kanskje ikkje var godt nok kommunisert ut blant brukarane av fjellstyrehyttene. Dagleg leiar i FHas har derfor utarbeidd ein plakat som kan hengast opp på hyttene.

Framlegg til vedtak:

Røldal Fjellstyre tek informasjonen til vitande og ser positivt på at det vert informert om dette på hyttene.

Referat:

Gjennomgang ved leiar og sekretær

Ingen har motførestillingar eller kommentarar til tiltaket.

Vedtak:

Røldal Fjellstyre tek informasjonen til vitande og ser positivt på at det vert informert om dette på hyttene.

Samrøystes

Sak 17/18: Røldalsmarknaden

Saksdokument:

Ingen

Saksutgreiing:

Røldal Fjellstyre har som vanleg stand på Røldalsmarknaden. Det vert same opplegg som tidlegare år. Fjelloppsynet stiller med to mann på marknaden som eit tiltak i den felles informasjonstenesta som er oppretta i FHas.

Røldal Fjellstyre –5760 Røldal

Leiar: tlf 917 95 085- epost: leiar.roldal@fjellstyrene.no Sekretær: tlf 902 13 655- epost: roldal@fjellstyrene.no

www.hardangervidda-fjellstyra.no

Det vart i fjor innkjøpt ein del reklamemateriell for uttdeling på marknaden. Det er fortsatt att nok til å dele ut i år også.

Det har kome inn spørsmål om å gje vekk fellingsløyve på rein som premie. I år er det så liten kvote at ein ikkje kan forvente at alle får kort. Spørsmålet då vert om ein skal kjøpe inn premiar som ein kan gje bort til marknaden i staden for fellingsløyve.

Elles treng ein å avklare kven som gjer kva ifbm årets marknad.

Framlegg til vedtak:

Ingen

Referat:

Gjennomgang ved leiar.

Kort diskusjon om premie, der fjellstyret samlar seg om at leiar får fullmakt til å kjøpe inn premie eller gavekort. Det kan og gjevast mindre premiar i form av fiskekort eller bøker.

Kort diskusjon om kven som skal ta ansvaret for marknaden og dei ulike oppgåvene.

Vedtak:

Leiar får fullmakt til å kjøpe premie eller gavekort til ein verdi av 3000,- kroner som premie på Røldalsmarknaden sitt lotteri. Det kan og gjevast bort bøker eller fiskekort til mindre premiar.

Håkon Småbrekke og Dag Sverre Ekkje tek ansvar for å setje opp vaktlistar og elles fordele arbeidsoppgåver på Røldalsmarknaden.

Fjelloppsynet stiller med ein quiz på marknaden.

Samrøystes

Sak 18/18: Ny fordeling av fellesfiskekortet

Saksdokument:

Felles saksutgreiing frå FH as.

Saksutgreiing:

Viser til vedlagde saksutgreiing frå FH as.

Framlegg til vedtak:

Røldal FS støttar framlagde forslag til ny fordeling av kostnader og inntekter for fellesfiskekortet.

Referat:

Røldal Fjellstyre –5760 Røldal

Leiar: tlf 917 95 085- epost: leiar.roldal@fjellstyrene.no Sekretær: tlf 902 13 655- epost: roldal@fjellstyrene.no

www.hardangervidda-fjellstyra.no



Kort orientering ved leiar og sekretær

Vedtak:

Røldal FS støttar framlagde forslag til ny fordeling av kostnader og inntekter for fellesfiskekortet.

Samrøystes

Sak 19/18: Fiskereglar Røldal SA

Saksdokument:

Ingen

Saksutgreiing:

I sak 01/18 vart det bestemt at ein skal gå gjennom fiskereglane for Røldal FS på neste møte.

Bakgrunnen for dette er innspel om at ein bør kunne forenkle reglane for fiske på Røldal SA.

Røldal SA har i dag desse fiskereglane:

Generelle reglar

1. Alle over 16 år må løysa fiskekort.
2. Det er ikkje lov å nytta anna fiskereiskap enn handsnøre, stang eller garn. Line, ståkrok og oter er forbode. Alt garnfiske er forbeholdt innanbygdsbuande.
3. Alt fiske er tillate frå og med 1.juli kl.08.00 til og med 30.september kl.18.00.
4. Det er ikkje lovleg å setja garn nærare innfalls- eller utfallsosen enn 50 meter. Garna må heller ikkje nyttast i elvar, bekkjer eller loner (tjørnliknande utvidingar av vassdrag).
5. Det er ikkje lov å nytta garn med mindre maskevidde enn 31 mm mellom knutane når garnet er vått (20 omfar).
6. Det er tillete å fiske med inntil 10 garn.
7. Garna skal være tydelig merkte med eigaren sitt namn og adresse. Merka skal vera lett synleg.
8. Unntak frå desse reglane vert fastsett i spesielle reglar.
9. Brot på dei generelle og spesielle reglane er straffbart.

Spesielle reglar

1. I Ståvatnet, Hadlevatnet, Votna og Urdavatnet er det tillete med fiske med handsnøre, stang og garn heile året.
2. I Øvre- og Nedre Hellevatnet og Urdavatnet er det tillete å fiske med oter.
3. I Urdavatnet gjelder ikkje reglane om maskevidde og garntal.
4. For innanbygdsbuande som har løyst fiskekort for garnfiske, gjelder dette og for fiske med stong og oter.
5. Høsingevatnet er freda for garnfiske fom sesongen 2018.

RØLDAL FJELLSTYRE

Vedtatte fiskereglar i styremøte 19.02.15, sak 3/15, med edringar i sak 43/18

I innspelet frå T. H. Tjemsland vert det føreslege følgande endringar:

Generelle reglar:

Røldal Fjellstyre –5760 Røldal

Leiar: tlf 917 95 085- epost: leiar.roldal@fjellstyrene.no Sekretær: tlf 902 13 655- epost: roldal@fjellstyrene.no

www.hardangervidda-fjellstyra.no



2. ta inn oter på lik linje med garnfiske.
3. gjere fiske med stong og håndsnoere tillete heile året. Utvide garntida ut oktober.
6. ynskjer å avgrense til 5 garn.

Spesielle reglar:

1. Ynskjer å utvide til fleire vatn: hellevatna og uravatnet.
2. fjerne regelen i tråd med endring i pkt 2 gen reglar
3. legge til øvre og nedre hellevatn

Sakshandsamar vurderer saka til at reglane kan verte noko enklare.

Det er ikkje noko argument som tilseier at oter skal vere særskild handsama, men kan leggjast på lik linje med garnfiske.

Å ha avgrensingar på fisket på dato verkar og å vere noko utdatert. Generelt er det veldig vanskeleg å argumentere med at det nokon stad kan fiskast så mykje at det går ut over fisken i vatna. Det er ikkje mogleg å «øydeleggje» eit fiskevatn med for mykje fiske. Vatn som vert fiska for hardt er lette å opprette som gode fiskevatn på nytt. Det motsette er derimot tilfelle dersom det vert fiska for lite. Eit vatn som ikkje vert hausta, og det er god produksjon i, vert fort eit overbefolka vatn det er lite attraktivt å fiske i. Det er ikkje lett å gjere noko med ein slik situasjon utan at det vil krevje store ressursar.

Det er og på det reine at interessa for intensivt garnfiske er svært nedadgåande. Dette ser ein over alt på Hardangervidda der tradisjonelt gode fiskevatn no vert overbefolka pga for lite fiske.

Generelt vil sakshandsamar peike på at det er svært positivt at det vert fiska mykje og dette gjeld stort sett over alt. Det vil vere få unntak i mindre vatn utan naturleg reproduksjon. Ein vil derfor tilrå at ein fjernar reglane om datoavgrensa fiske på Røldal SA.

Reglane om at kvar fiskar kan nytte opptil 10 garn er og fornuftig i dei fleste vatn jfr tidlegare argumentasjon. Det kan vere naudsynt å avgrense talet på garn i enkeltvatn der det er liten eller ingen produksjon. MEN kva er målet med utsetjing av fisk? Fjellstyret bør tenke gjennom kvifor dei set ut fisk og for kven. Er det stongfiskarar eller garnfiskarar ein set ut fisk for. Fiskereglane bør spegle dette. Det kan virke ufornuftig å bruke svært mange titalls tusen kroner på utsetjing av fisk i perifere vatn når ein samstundes har problem med overbefolkning i vatn som ligg nær husvære.

Sakshandsamar vil derfor tilrå at ein endrar fiskereglane slik:

Generelle reglar

1. Alle over 16 år må løysa fiskekort.
2. Det er ikkje lov å nytta anna fiskereiskap enn handsnoere, stang, garn eller oter. Line og ståkrok er forbode. Alt garnfiske og oterfiske er forbeholdt innanbygdsbuande
3. Alt fiske er tillate heile året.
4. Det er ikkje lovleg å setja garn nærare innfalls- eller utfallsos enn 50 meter. Garna må heller ikkje nyttast i elvar, bekkjer eller loner (tjørnliknande utvidingar av vassdrag).
5. Det er ikkje lov å nytta garn med mindre maskevidde enn 31 mm mellom knutane når garnet er vått (20 omfar).
6. Det er tillete å fiske med inntil 10 garn unnateke vatn nemnd i spesielle reglar.
7. Garna skal være tydelig merkte med eigaren sitt namn og adresse. Merka skal vera lett synleg.

Røldal Fjellstyre –5760 Røldal

Leiar: tlf 917 95 085- epost: leiar.roidal@fjellstyrene.no Sekretær: tlf 902 13 655- epost: roidal@fjellstyrene.no
www.hardangervidda-fjellstyra.no



8. Unntak frå desse reglane vert fastsett i spesielle reglar.
9. Brot på dei generelle og spesielle reglane er straffbart.

Spesielle reglar

1. I Urdavatnet gjelder ikkje reglane om maskevidde og garntal.
2. For innanbygdsbuande som har løyst fiskekort for garnfiske, gjelder dette og for fiske med stong og oter.
3. Høsingevatnet er freda for garnfiske fom sesongen 2018.

Kommunen treng ikkje høyrast i denne saka då det ikkje er tale om ei innskrenking av rettar, men ei utviding.

Framlegg til vedtak:

Røldal FS vedtek nye fiskereglar som framlagt i tilråinga. Fiskereglane er endra med heimel i fjellova §§28-29.

Referat:

Gjennomgang ved leiar

Torleif Fresvik: forslag om å oppheve osfredinga i Uravatnet.

Innspelet frå Tor Helge Tjemsland i brevet han sende peikar på at ein bør ha fritt fiske også i Øvre og Nedre Hellevatnet.

Kort runde og diskusjon om dette temaet. Fjellstyret samlar seg om å også gjere unntak for Øvre og Nedre Hellevatn på lik linje med Uravatnet.

Vedtak:

Røldal FS vedtek nye fiskereglar som framlagt i tilråinga med desse endringane i spesielle reglar:

Spesielle reglar

1. I Urdavatnet, Øvre- og Nedre Hellevatn gjeld ikkje reglane om maskevidde, garntal og osfreding.
2. For innanbygdsbuande som har løyst fiskekort for garnfiske, gjelder dette og for fiske med stong og oter.
3. Høsingevatnet er freda for garnfiske fom sesongen 2018.

Fiskereglane er endra med heimel i fjellova §§28-29.

Samrøystes

Sak 20/18: Orientering frå sekretær, aktuelle saker

Saksdokument:

Saksutgreiing:

Vert lagt fram på møtet

Røldal Fjellstyre –5760 Røldal

Leiar: tlf 917 95 085- epost: leiar.roldal@fjellstyrene.no Sekretær: tlf 902 13 655- epost: roldal@fjellstyrene.no

www.hardangervidda-fjellstyra.no

**Framlegg til vedtak:**

Ingen

Referat:

Orientering om «jervesaka». Utspelet frå viddasenteret på SKinnarbu, ved Per Lykke. Her vart det stild spørsmål om ein skulle få jerv tilbake på vidda.

Det var eit seminar om dette onsdag 23 mai.

Det var god fagleg tyngde frå NINA som heldt innlegg om jerven sin biologi og kva ein kan forvente av tap og utfordringar.

Eit innlegg gjekk og på kva for fordelar ein kunne få ved å trekke fleire turistar til HV dersom det var jerv der.

Bondelaget var sterkt representert, også frå sentralt hald, og hadde eit bra innlegg om konsekvensane av ynglande jerv på Hardangervidda.

Det møtte ingen frå pro rovdyrorganisasjonane.

Som forventa var det svært stor motstand frå lokalt hald (næringsinteresser). Dette kom klart fram i fleire innlegg og i debatten til slutt.

Debatten bar og preg av noko kunnskapsmangel både frå innkallande part og frå enkelte andre deltakarar i debatten. Dette øydelegg ein del for saka som skal diskuterast ved at ein må bruke tid på å rydde opp i mistydingar.

Kort oppsummera kan ein konkludere med fylgjande:

- Seminaret kjem som eit resultat av ein person sitt initiativ
- Det ligg ikkje kjende politiske føringar bak noko av dette
- Såleis verkar forslaget lite dramatisk
- Alle føringar frå dagens vedtekne roviltpolitikk ligg fast (ikkje ynglande jerv på HV)
- Det er mildt sagt ikkje stemning for å få inn ynglande jerv på Hardangervidda

Det var og litt begrepsforvirring ute og gjekk mht kven det var som stod bak invitasjonen. Det var altså Hardangervidda Nasjonalparksenter som kalla inn til dette. Norsk Villreinsenter Sør på Skinnarbu hadde ingenting med dette å gjere og var heller ikkje til stades.

Vedtak:

Styret tek orienteringa til vitande

Sak 21/18: Eventuelt

Saksdokument:

Saksutgreiing:

Framlegg til vedtak:

Ingen

Referat:

Villreinutvalet har kome med oppmoding om å avslutte jakta den 23 september. Bakgrunnen er den høge fridyrkvoten i år. Utvalet er redd for mykje felling av brunstbukk dersom det vert jakta etter 23 september.

Fellesstyret for Ullensvang SA har fatta vedtak om å avslutte jakta den 23 september og har oppmoda andre fjellstyre på vest til å gjere det same.

Sekretær legg saka fram for fjellstyret etter å ha sendt ut saka frå Ullensvang på epost tidlegare.

Fjellstyremedlemene godtek å handsame denne saka utan vidare saksframstilling.

Det vert kort diskusjon om saka der alle samlar seg om å vere einige i å avslutte jakta sundag 23 september kl 1900. Kommunen har uttalerett i saker som omhandlar regulering av jakt og fiske og denne reguleringa vil kome inn under kommunens uttalerett. Saka sendast derfor over til kommunen. Dersom kommunen uttalar noko som er i strid med fjellstyrets vedtak skal saka avgjerast av direktoratet.

Vedtak:

Røldal Fjellstyre vedtek å avslutte villreinjakta sundag 23 september kl 1900. Grunngevinga er omsynet til at det ikkje skal fellast bukk i brunst. Kommunen har uttalerett i saka. Dersom det er usemje mellom fjellstyret og kommunen sendast saka over til direktoratet for avgjerd. Vedtaket er gjort med heimel i Fjelleva §§ 23 og 24

Samrøystes



MØTEBOK

Styremøte i Røldal Fjellstyre

Tidspunkt: Tysdag 3. juli 2018 kl 16.30
Stad: Biblioteket

Til stades på møtet: Torleif Fresvik, Håkon Småbrekke, Randi Legård, Dag Sverre Ekkje, Anne Marie G. Rabba og Ellen Drangevåg (sak 22/18)

Det var ingen merknader til innkalling eller sakliste.

Saker til styremøtet

Sak 22/18: Samjaktavtaler 2018
Sak 23/18: Endring/supplering av reglar for reinsjakta 2018
Sak 24/18: Korttildeling på syd jakta 2018
Sak 25/18: Gåve til DNT i høve 150 års jubileum

Me stadfester med våre underskrifter at møteboka samsvarar med det som kom fram på møtet.

Torleif Fresvik/s/

Håkon Småbrekke/s

Randi Legård/s/

Dag Sverre Ekkje/s/

Anne Marie G. Rabba/s/

Sak 22/18: Samjaktavtaler 2018

Saksutgreiing og underlagsmateriale blei sendt ut før styremøte måndag 28. mai og, men saka blei vedtatt utsett for å få opplysningar om vedtekter o.a. frå HA-300. Utgreiing om dette blei lagt fram av sekretær i innkalling til dette møtet. Håkon Småbrekke og Dag Sverre Ekkje var ugild i saka og gjekk frå under handsaminga. Vara for Håkon Småbrekke, Ellen Drangevåg møtte. Vara for Dag Sverre Ekkje, Lars Seim var og ugild.

**Framlegg til vedtak:**

Det blei lagt fram to forslag til avgjersle:

Leiar la fram same forslag som til styremøtet 28. mai, at det ikkje vert nokon samjaktavtale med dei private valda i 2018, men at dei private valda kan få nytta korta på Statsallmenninga mot å betala same pris til fjellstyre som det fjellstyret sel kort for. Avtala er lik for alle private og gjeld heile Røldal Statsallmenning.

Randi Legård la fram forslag om å ha samme avtale som i fjor. At det blir ei gjensidig samjaktavtale mellom HA-290 og HA-300 der dei som er tildela fellingsløyve på Røldal Statsallmenning kan nytta private kort frå HA-290 og HA-300 på heile Røldal Statsallmenning under heile jakta. Andre kan nytta private kort frå HA-290 og HA-300 inn til turistvegen frå der den kryssar grensa frå Vinje til der den kryssar grensa mot Ullensvang. Dersom nokon av desse ynskjer å bruka korta på resten av Røldal Statsallmenning (aust for turistvegen) må dei betala same pris for korta som det fjellstyret tek for dei.

I drøftinga før avrøysting blei det tatt opp at ordninga som har vore ikkje har ført til jegerkonsentrasjonar og at den har fungert godt.

Leiar la fram utgreiinga frå sekretær om at det var vanskeleg å inngå samjaktavtale med ein part som ikkje har juridiske avtalar med rettshavarane sine. Leiar meinte og at det var urett mot dei innanbygds som måtte betala for korta eller ikkje fekk kort i år at private skulle få gratis tilgang til heile eller mesteparten av allmenninga utan vederlag til fjellstyret.

Vedtak:

Dei to forslaga blei lagt fram til avrøysting og leiar sitt forslag fall med tre mot ei røyst. Randi Legård sitt forslag til samjaktavtale blei vedteke.

Leiar utarbeider avtala med HA 290 og HA 300.

Sak 23/18: Endring/supplering av reglar for reinsjakta 2018**Saksutgreiing:**

Leiar har spela inn at han ynskjer fjellstyrets avgjersle i reglar for dei som er under 18 år og er fyrstegongsjegerar.

Problemstillinga går for det fyrste på om dei skal ha gratis kort i år sidan det er så få kort. Ei anna problemstilling er om dei skal ha høve til å vere med i jaktlag eller ikkje. Argumentet er at dei som får tilbod om gratis kort får det for at dei

Røldal Fjellstyre –5760 Røldal

Leiar: tlf 917 95 085- epost: leiar.roldal@fjellstyrene.no Sekretær: tlf 902 13 655- epost: roldal@fjellstyrene.no

www.hardangervidda-fjellstyra.no



skal vere med å lære. Dersom dei er i eit jaktlag og ikkje er med så fell dette litt bort.

Framlegg til vedtak:

- 1) Jegerar mellom 16 og 18 år blir tildela gratis simle/ungdyrkort.
- 2) Kort tildela jegerar mellom 16 og 18 år kan ikkje vera med i ei jaktlagsordning.
- 3) Alle kort utskrive på HA-280 kan nyttast på andre vald.
- 4) Røldal Fjellstyre skal i 2018 ha ei returordning for ubrukte fellingsløyve på HA 280 (Nord). Dersom ein ynskjer det kan ubrukt fellingsløyve leverast fjellstyre tom 31. august og jegeren får refundert 50% av kostnaden. Jeger på reservelista vil få tilbod om å overta kortet til same pris (50%) med eit påslag på kr. 200,- .

Vedtak:

Samrøystes

Sak 24/17: Korttildeling på syd jakta 2018**Saksutgreiing:**

Det blei i 2017 ikkje dela ut reine simlekort på syd. Leiar la fram forslag om å vidareføre dette også i år i det fjellstyre ikkje bør selja ei vare som ikkje finnst eller sporadisk er innom terrenget.

Det blei opplyst at det tidlegare er skote simler på syd og at det må vera opp til den enkelte jeger om dei vil ta i mot kortet eller ikkje.

Framlegg til vedtak:

To framlegg:

1. Røldal Fjellstyre legg ikkje reine simlekort ut for sal på syd (Setesdal/Ryfylke) for 2018.
2. Røldal Fjellstyre legg ut 3 (tre) reine simlekort for sal på syd (Setesdal/Ryfylke) for 2018.



Vedtak:

Framlegg 2 blei vedteke med 4 mot ei røyst.

Sak 25/18: Gåve til DNT i høve 150 års jubileum

Saksutgreiing:

Det er frå Norges Fjellstyresamband (NFS) komen forslag om gåve til DNT sitt 150 års jubileum. Forslaget er at alle medlemmer av DNT skal kunne fiska gratis på Statsallmenningane den 18. august 2018.

Framlegg til vedtak:

Røldal Fjellstyre støttar forslaget frå NFS.

Vedtak:

Samrøystes



MØTEBOK

Styremøte i Røldal Fjellstyre

Tidspunkt: Torsdag 06.09.18

Stad: Telefon/Epost

Til stades på møtet: Torleif Fresvik, Håkon Småbrekke, Randi Legård, Dag Sverre Ekkje, Anne Marie G. Rabba

Det var ingen merknader til innkalling eller sakliste.

Sak til styremøtet

Sak 26/18: Kampanje for fyrstegongsjegerar - småvilt

Me stadfester med våre underskrifter at møteboka samsvarar med det som kom fram på møtet.

Torleif Fresvik/s/

Håkon Småbrekke/s

Randi Legård/s/

Dag Sverre Ekkje/s/

Anne Marie G. Rabba/s/

Sak 26/18 Kampanje for fyrstegongsjegerar – småvilt

Saksutgreiing:

I samarbeid med Norges Jeger- og Fiskerforbund, Norges Fjellstyresamband og Statskog SF, har Inatur no gjort det mogleg å gje bort eit gratis jaktkort til alle fyrstegongsjegerar.

Alle som har tatt jegerprøven inneverande år vil få denne rabatten.

Døme:

Kryssar ein av for rabatten på eit dagskort, vil jegeren få eit dagskort gratis. Kjøpar jegeren t.d. fire dagskort vil prisen av det eine dagskortet trekkast frå i handlekurven. Om rabatten leggjast inn på fleire typar jaktkort (dagskort, vekeskort, sesongkort m.v.) vil jegeren automatisk få det dyraste kortet gratis.

Røldal fjellstyre treng ikkje å tilby rabatt på fleire kort enn dagskort som det er skissert over. Tilbyr fjellstyre t.d. eit gratis dagskort er det lett å administrere dette på Inatur si salsside

Røldal Fjellstyre –5760 Røldal

Leiar: tlf 917 95 085- epost: leiar.roldal@fjellstyrene.no Sekretær: tlf 902 13 655- epost: roldal@fjellstyrene.no

www.hardangervidda-fjellstyra.no



Framlegg til vedtak:

Røldal fjellstyre er positive til kampanjen og ynskjer å tilby fyrstgongsjegerar som har tatt jegerprøven etter 1. januar 2018 eit gratis småviltkort (dagskort) hausten 2018. Sekretær legg rabatten inn på Røldal Fjellstyre si salsside.

Vedtak:

Samrøystes



MØTEBOK

Styremøte i Røldal Fjellstyre

Tidspunkt: Fredag 14.09.18
Stad: Telefonmøte

Til stades på møtet: Torleif Fresvik, Håkon Småbrekke, Randi Legård, Dag Sverre Ekkje, Anne Marie G. Rabba

Sak til styremøtet

Sak 27/18: Oppheving av fredingssona siste del av reinsjakta 2018

Me stadfester med våre underskrifter at møteboka samsvarar med det som kom fram på møtet.

Torleif Fresvik/s/

Håkon Småbrekke/s

Randi Legård/s/

Dag Sverre Ekkje/s/

Anne Marie G. Rabba/s/

Sak 28/18 Oppheving av fredingssona siste del av reinsjakta 2018

Saksutgreiing:

Grunnlaget for å oppheve fredingssonene på Røldal statsallmenning mot slutten av jakta er vedtak gjort i sak 07/18 i Røldal fjellstyre:

Reglar for tildeling og jakt i 2018, punkt 6.

« Fredingssona på Røldal Statsallmenning vert oppretthalden. Om andre fjellstyre fjernar eller endrar sine fredingssoner slik at dei ikkje lengre ligg inntil fredingssona på Røldal SA vert sona fjerna utan anna vedtak.»

Eidfjord fjellstyre og Ullensvang fjellstyre har gjort vedtak om å oppheve sine fredingssonar f.o.m. søndag 16.09. kl 07.00 og ut jakta.



Framlegg til vedtak:

Røldal fjellstyre har i telefonmøte 14.09.18 diskutert saka og opphevar fredingssona f.o.m. 16.09. kl. 07.00 og ut jakta i samsvar med vedtak sak 07/18 28.02.18

Vedtaket er gjort med heimel i fjellova § 23 3.

Vedtak:

Samrøystes



MØTEBOK

Tidspunkt: Måndag 29.10.18 klokka 1800

Stad: Biblioteket

Til stades på møtet: Torleif Fresvik, Håkon Småbrekke, Randi Legård, Dag Sverre Ekkje, Oddvar Småbrekke (vara for Anne Marie G. Rabba)

Saker til styremøtet

Sak 28/18: Referat og meldingar

Sak 29/18: Gjennomgang av reinsjakta 2018

Sak 30/18: Ny fjellov

Sak 31/18: Planlegging og bruk av Ulevåbotn

Sak 32/18: Brev frå Tor Helge HaaraTjemsland/ svar frå fjellstyret

Sak 33/18: Rapport frå prøvefiske i Hellevatn sommaren 2018

Sak 34/18: Tenestekjøp for 2019

Sak 35/17: Høyring – innspel ny E134 Vågslid-Seljestad – Røldal
Statsallmenning

Me stadfester med våre underskrifter at møteboka samsvarar med det som kom fram på møtet.

Torleif Fresvik/s/

Håkon Småbrekke/s

Randi Legård/s/

Dag Sverre Ekkje/s/

Oddvar Småbrekke/s/

Røldal Fjellstyre –5760 Røldal

Leiar: tlf 917 95 085- epost: leiar.rolidal@fjellstyrene.no Sekretær: tlf 902 13 685- epost: rolidal@fjellstyrene.no

www.hardangervidda-fjellstyra.no



Sak 28/18: Referat og meldingar

Saksdokument:

2018.07.30-612.1.Klage frå Tor Helge Haara Tjemsland
2018.07.30-612.1.Svar på klage frå Tor Helge Haara Tjemsland
2018.07.30-613.1.Brev frå Nils Åge Sandal – vedr. samjakt på småvilt
2018.08.06-433.1.Brukerundersøking i Hardangervidda nasjonalpark sommaren 2018
2018.08.20-621.1.Kalveteljing HV 12.06.2018
2018.08.21-351.1.Høyring-innspeil ny E134 Vågslid-Seljestad – Røldal Statsallmenning
2018.29.08-001.1.Høyringsbrev NOU 2018: 11 Ny fjellov
2018.09.11-001.5.Notat kalveteljing HV 03.07.2018
2018.09.11-001.5.Rapport kalveteljing HV 12.06.2018
2018.10.09-011.3.Høyringsuttale NFS 02.10.jb. Ny fjellov

Saksutgreiing:

Sekretær orienterar under møtet

Framlegg til vedtak:

Ingen

Referat:

Gjennomgang ved sekretær.

Vedtak:

Styret tek orienteringa til vitande

Sak 29/18 Gjennomgang av reinsjakta 2018

Saksdokument:

Ingen

Saksutgreiing:

Leiar orienterar

Røldal Fjellstyre –5760 Røldal

Leiar: tlf 917 95 085- epost: leiar.roldal@fjellstyrene.no Sekretær: tlf 902 13 685- epost: roldal@fjellstyrene.no

www.hardangervidda-fjellstyra.no

**Framlegg til vedtak:**

Ingen

Referat:

Leiar orienterar om resultatet av jakta. Det vart felt 23 av 62 dyr på nord, noko som gjev ein fellingsprosent på 37,7. av desse vart det felt 20 bukkar.

På området sør for vegen vart det felt 6 dyr.

Dåleg ver gjorde slutten av jakta vanskeleg sjølv om det vart opna opp for jakt ut september. Leiar gjer greie for vurderingane som vart gjort når jakta likevel vart forlenga ut september. Grunnen var primært for at Mattilsynet ynskte fleire prøver for CWD og at det vart diskutert statleg uttak etter jakta dersom dette målet ikkje vart nådd. For å forhindre statleg uttak og meir uroing av dyr etter jakta vart det vurdert som betre å freiste å få til noko betre felling i ordinær jakt.

Vedtak:

Styret tek orienteringa til vitande.

Sak 30/18 Ny fjellov**Saksdokument:**

Høyringsbrev NOU 2018:11 Ny fjellov

Høyringsuttale NSF – NOU2018: 11 Ny fjellov

Saksutgreiing:

Landbruks- og matdepartementet sendte 2908.18 NOU 2018: 11 Ny fjellov på høyring.

Utredninga frå Statsallmenningslovutvalget vart overlevert til departementet 22. juni 2018. Statsallmenningslovutvalget har i NOU 2018:11 foreslått ein ny lov til erstatning for lov 6. juni 1975 om rettar og lunnende m.m i statsallmenningane og lov 19. juni 1992 om skogsdrift i statsallmenningane.

Norges Fjellstyresamband (NFS) har 09.10.18 kome med utkast til høyringsuttale til Ny Fjellov.

NFS representerer alle 94 fjellstyre og har fyljande synspunkt til ny fjellov:

«NFS støtter flertallsforslagene i NOU 2018:11 Ny fjellov.

NFS konstaterer at lovutvalget er enstemmig i mange viktige spørsmål. I de spørsmål utvalget er delt, er det et stort flertall og et lite mindretall. NFS viser til at flertallsforslagene bygger et bredt kompromiss. Statsallmenningene ivaretar mange

Røldal Fjellstyre –5760 Røldal

Leiar: tlf 917 95 085- epost: leiar.roidal@fjellstyrene.no Sekretær: tlf 902 13 685- epost: roidal@fjellstyrene.no

www.hardangervidda-fjellstyra.no



rettigheter og interesser og NFS vil understreke at bred enighet er en viktig forutsetning for en effektiv og god forvaltning av statsallmenningene.

NFS mener flertallsforslagene vil bidra til forenkling og modernisering. Flertallsforslagene vil sikre en bærekraftig bruk av statsallmenningene til beste for de med allmenningsrett, for samisk reindrift, for lokalsamfunnene og for storsamfunnet.

Flertallsforslagene styrker det lokale selvstyret og innebærer overføring av oppgaver fra statlig til lokalt folkevalgt nivå. Forslagene legger til rette for mer lokal verdiskaping basert på ressursene i statsallmenningene. Flertallsforslagene vil bidra til bedre folkehelse og bevaring av viktige tradisjoner for jakt, fiske og friluftsliv. De vil bidra til mer effektiv bruk av fellesskapets ressurser.

Flertallsforslagene viderefører Statskog SF som grunneier i statsallmenningene, og skiller rollen til staten som eier og som myndighet i statsallmenningene».

Måla som NFS har satt seg for arbeidet med ny fjellov er godt teken vare på i lovutvalet sitt fleirtalsframlegg. NFS oppmodar alle fjellstyre og flest mogleg av andre høyringsinstansar til å stå samla i sine høyringssvar. Styret i NFS har difor vedteke at målet for høyringa skal være å ta sikte på å sikre oppslutning om fleirtalsframlegga frå lovutvalet.

Saka om høyringsuttale til ny fjellov kjem opp på haustmøtet 23. november. Intensjonen er at Fjellstyra på Hardangervidda kjem med ein felles uttale til ny fjellov. Det er sjølvsagt viktig at kvart fjellstyre diskuterer framlegg til ny fjellov slik at fjellstyret sin representant i FH kan ta med det einskilte fjellstyre sine synspunkt på haustmøtet.

Framlegg til vedtak:

Ingen

Referat:

Orientering ved sekretær.

Dag Sverre Ekkje: har tillit til at det er gjort ein god jobb og at NFS gjer det beste for fjellstyra lokalt. Har ikkje merknader.

Ingen har merknader til framlagd høyringsforslag.

Vedtak:

Røldal Fjellstyre støttar NFS sitt framlagde forslag til høyringsuttale.

Samrøystes

Sak 31/18 Planlegging og bruk av Ulevåbotn

Saksdokument:

Ingen

Saksutgreiing:

Vedtak frå møte 04.12.17 om at saka vart utsett. Leiar fekk ansvar for å hente inn informasjon om tilstanden til bygget frå tidlegare eigar. Dette gjaldt alder, event. vernestatus og informasjon om tilstand på bygget

Støylen i Ulevåbotn har no formelt fått status som fjellstyrehytte. Den vart utleigd ut 2018 etter dei gamle reglane for støylsbruk.

Fjellstyret må ta stilling til kva som skal skje med denne plassen no når status har endra seg. Moment som må gåast gjennom.

1. vedlikehald, opprusting- status og tiltak
2. system for utlån/utleige i framtida

Framlegg til vedtak:

Ingen

Referat:

Orientering ved leiar.

Styret diskuterar seg i mellom kva ein vil med stølen for framtida. Det er semje om at det må leggst ned ein del ressursar i å få husa restaurerte og i god stand. Stølen vil kunne generere gode inntekter som utleigeobjekt. Det kjem fram ynskje om å få fagfolk til å sjå på tilstanden å få eit forslag til kva som kan gjerast.

Vedtak:

Fjellstyret ynskjer ikkje å forlenge noverande leigeavtale.

Det skal takast kontakt med uavhengig fagmann og lagast ein rapport som syner kva som må gjerast for å få hovudbygget i god stand.

Styret satsar på å få gjennomført naudsynt arbeid sommar/haust 2019. Det skal leigast folk til arbeidet.

Stølen skal settast i stand med tanke på utleige, både til utanbygds og innanbygds.

Samrøystes

Sak 32/18: Brev frå Tor Helge HaaraTjemsland/ svar frå fjellstyret

Saksdokument:

Klage frå Tor Helge Haara Tjemsland mottatt 30.07.18

Røldal Fjellstyre –5760 Røldal

Leiar: tlf 917 95 085- epost: leiar.roldal@fjellstyrene.no Sekretær: tlf 902 13 685- epost: roldal@fjellstyrene.no

www.hardangervidda-fjellstyra.no



Røldal fjellstyre, svar på klage frå Tor Helge Haara Tjemsland sendt 30.07.18

Saksutgreiing:

Klaga gjeld fordeling av årets villreinløyve samt vedtak gjort i sak 22/28 og 23/18

Klagar ynskte at fjellstyret gjekk gjennom fyljande punkt:

1. Samjaktavtaler med HA 300
2. Returordning for ubrukte fellingsløyve
3. Fordelinga av fellingsløyve
4. Utdeling av kort på syd

Svar på klage sendt frå Røldal fjellstyre:

Klage på fordeling av årets jaktløyver, samt vedtak i sak 22/18 og 23/18

Eit gamalt ordtak er at " Til lags åt alle kan ingen gjera".

Bortsett frå det nevnte ordtaket skal eg på vegne av fjellstyret prøva å svara på spørsmåla dine.

Det fyrste eg må opplysa er at samjaktavtala er ei rein privatrettsleg avtale og ikkje noko enkeltvedtak etter fjellova og då er det ikkje klagerett på dette. Samtlige medlemmer og varamedlemmer i Fjellstyret har fått kopi av brevet ditt.

Når det gjeld retten til jakt viser eg til Fjellova §24 jfr §23, andre stykket. Fjellstyra rundt Hardangervidda har alltid gjeve innabysbuande førsterett til jakt på villrein, slik og i Røldal. Lova har nok ein ordlyd som kan tolkast annaleis om det vert sett på spissen, men den praksis som har vore nytta her er akseptera.

Når kvoten er lav slik som i år så må det bli ei fordeling. Slik har det vore andre stader der det ikkje har vore nok kort til alle kvart år. Til dømes i Odda har jegrane i mange år berre hatt kort kvart 2. og som oftast kvart 3. år. Med utgangspunkt i låge kvotar dei neste 2-3 åra kan det tenkast at det og i Røldal vil bli slik.

På same måte som fjellstyret tidligare har vedteke å fordela bukkane frå år til år på nord, reknar eg det som sikkert at det vil bli slik at dei som ikkje fekk kort i år står øverst på lista til neste år og det vil bli trekking mellom dei som har fått kort dette året. I dei åra der fridyrkvoten har vore låg så har det vore trekking av fridyrkort mellom dei som ikkje hadde dette sist jakt.

Det samme er tilfellet på syd, har du hatt kort eit år er du ikkje med i trekkinga dei to neste. Denne ordninga er og forholdsvis ny og blei vedteken etter klage frå dei som år etter år ikkje fikk kort mens andre fekk kort kvart eller annakvart år. Å få alt heilt rettferdig ned til siste kort er ikkje enkelt men over 30-40 år på jakt trur eg dette jamnar seg ut ganske bra.

Når det gjelder samjaksavtala med HA 300 og HA-290 så er det dei to valda som har søkt om ei slik avtale. Eg ønskjer ikkje å gå nærmare inn på dette utanom det som er nevnt i referatet frå siste styremøte der avtala blei vedteke. Kva som er rettferdig for den eine eller andre parten har det kome mange synspunkter på. Både avtala og konsekvensar av denne vil bli evaluert av Fjellstyret. Utfallet av dette vil visa seg dersom det kjem nye søknader om samjaksavtale til neste år.

Røldal Fjellstyre –5760 Røldal

Leiar: tlf 917 95 085- epost: leiar.roldal@fjellstyrene.no Sekretær: tlf 902 13 685- epost: roldal@fjellstyrene.no

www.hardangervidda-fjellstyra.no



Returordninga for ubrukte kort er bedre enn å ikkje ha ei slik ordning. No kan det hende at kort blir levara inn innan 30. august og fleire får sjansen til å jakta dei 23 siste dagane.

Det er ynskjeleg at fjellstyret tek brev frå Tjemsland opp til diskusjon, og at medlemmene får moglegheit til å kommentere innhald samt svaret som vart sendt til Tjemsland.

Framlegg til vedtak:

Ingen

Referat:

Kort gjennomgang ved leiar.

Styret diskuterar kort det som har kome fram i saka. Det har ikkje kome tilbakemelding frå Tjemsland etter at svar er sendt. Leiar føreslår at ein ikkje går vidare med saka ut over det svaret som alt er gjeve.

Styret samlar seg om dette.

Vedtak:

Røldal Fjellstyre har ikkje merknader til svaret som er gjeve i saka og ynskjer ikkje å gå vidare med dette.

Samrøystes.

Sak 33/18: Rapport frå prøvefiske i Hellevatn sommaren 2018

Saksdokument:

Ingen

Saksutgreiing:

Det er sommaren 2018 gjennomført prøvefiske på Hellevatn i Røldal Statsallmenning. Leiar har etterlyst rapport frå prøvefisket. Om ikkje skriftleg rapport er klar vert det ei munnleg oppsummering frå leiar.

Framlegg til vedtak:

Ingen

Referat:

Rapporten er ikkje klar og ein føreslår å utsetje saka til denne føreligg.

Vedtak:

Saka vert utsett til rapporten føreligg.



Sak 34/18: Tenestekjøp for 2019

Saksdokument:

Budsjett 2018

Saksutgreiing:

Sekretær i FH, Sveinung Olsnes har etter å ha sett framlagt budsjett konkludert med at neste år vil by på økonomiske utfordringar.

Det må jobbast med alternative inntektskjelder for å halde aktiviteten på noverande nivå. Dette er ein prosess som tek tid og som ein må jobbe langsiktig med.

For å kunne møte neste år med så gode tal som mogeleg i budsjettet ynskjer eg at alle fjellstyra tek opp som sak på neste møte nivået på tenestekjøpet for 2019.

Med det meiner sekretær i FH at dersom det er fjellstyre som ser at dei har behov for ekstra tenestekjøp kjem med signal om dette no. Det kan vere auka aktivitet på sekretærtjenester eller praktiske gjeremål i felt. (bygge/vedlikehaldsprosjekt mm)

Dersom det er fjellstyre som av ulike årsaker ser at dei ikkje kan oppretthalde tenestekjøp på minimumsnivå (årets kostnad korrigert for prisvekst) så er det og naudsynt å få signal om no.

Framlegg til vedtak:

Ingen

Referat:

Gjennomgang ved sekretær.

Leiar føreslår at tenestekjøp ligg på same nivå som før korrigert for kostnadsvekst.

Vedtak:

Røldal Fjellstyre ynskjer eit nivå på tenestekjøp som før, korrigert for kostnadsvekst.

Samrøystes

Sak 35/17: Høyring – innspel ny E134 Vågslid-Seljestad – Røldal St.allmenning

Saksdokument:

Høyring – innspel ny E134 Vågslid-Seljestad – Røldal Statsallmenning

Saksutgreiing:

Røldal Fjellstyre –5760 Røldal

Leiar: tlf 917 95 085- epost: leiar.roldal@fjellstyrene.no Sekretær: tlf 902 13 685- epost: roldal@fjellstyrene.no

www.hardangervidda-fjellstyra.no



Statskog viser til tidlegare uttale vedr. oppstartsadvarsel datert 09.01.2017. Statskog er av den oppfatning at E 134 over Haukelifjell er sårbar spesielt for villreinen. Ein lang tunell under fjellet ville difor være mest fordelaktig og Statskog håpar at dette alternativet framleis ikkje er forkasta.

Om det likevel skulle bli ny E134, så har Statskog fylgjande merknadar til planomtalen og reguleringsforesegnene vedr. traseen Fylkesgrensa - Dyrskatunnelen:

NY TURVEG

Statskog stiller seg positive til at det vert anlagt/utbetra ny turveg over Haukelifjell. Et betre tilbod for gåande og syklende vil føre med seg behov for meir parkeringsplassar.

Ny turveg vil truleg generere auka behov for parkering. GT1 skal avklarast med brukar av geitestøl ved Ulevå, slik at ikkje traseevalet til turstien kjem i konflikt med stølsdrifta. Kor skal folk parkere ved avkøyringa til Ulevå ?

AVKJØRINGER

Det er viktig at ikkje avkøyringar til støler i drift blir sperra. Dette gjeld Ulevåbotnen, Nupshallene, Midtfjellsvollen og Ulevå (Vinje).

I tillegg skal alle hytter også ha moglegheit til å komme av og framleis ha tilgang til si festetomt. Sidan vegen blir liggjande høgare i terrenget, vil dette verta vanskelegare enn det er i dag. Dette gjeld spesielt ei avkøyring som i dag vert brukt til parkering for blant anna fiske med båt. Om denne avkøyringa vert stengd, må det lagast alternativ slik at ein kjem ned til vatnet med båt. Alternativ plassering/avkøyring for båt/fiske må også avklarast med Røldal fjellstyre.

En annan avkøyring er til foreiningshytta til Hardanger og Voss Skyttarsamlag, c/o Eilev Åsen, 5627 JONDAL, (org.nr.814917282). Her meiner Statens vegvesen at hytta skal flyttast lengre unna vegen og få ny avkøyring 70m mot øst. Det er Statskog som heimelshavar som kan gi ny erstatningstomt. Korleis er avkøyring mogleg når vegen blir så høg ?

Parkeringsplass

Planen legger opp til ny avkøyring til gamlevegen, samt en rasteplass.. Dette må avtalefestast om den framleis skal ligge innanfor Statsallmenningen. Avtale om eksisterande skilt manglar i dag med kommunen.

BEITING

Plandokumentet manglar dokumentasjon om kva for konsekvensar ny veg kan ha for beitinga i området. Både sau og geit beiter i området, og det kan difor skape konflikter med trafikk og beitedyr.

FESTEFORHOLD BYGNINGAR + anna

Statskog har festekontraktar på fleire bygningar og installasjonar utan at dei nødvendigvis er registrert i matrikkelen med eige festenummer. Det vert difor viktig at ingen av desse får stengt sin tilkomst til festetomta si. Dette gjeld heile vegstrekinga innanfor Statskog sin eigedom på begge sider av fylkesgrensa.

KULTURMINNER/KULTURMILJØ

Røldal Fjellstyre –5760 Røldal

Leiar: tlf 917 95 085- epost: leiar.roldal@fjellstyrene.no Sekretær: tlf 902 13 685- epost: roldal@fjellstyrene.no

www.hardangervidda-fjellstyra.no

Det står på s.53 i planomtalen at skilt, grunder og andre tekniske innretningar ikkje kan settast opp utan å søkje kommunen fyrst. Dette er missvisande, da det er grunneigar som skal gi løyve til dette i fyrste omgang

MIDLERTIDIG RIGG_OG ANLEGGSSOMRÅDE

Det skal utarbeidast eigne avtalar på bruk av midlertidige område med grunneigar der desse er tenkt plassert innanfor statsallmenningen.

GENERELT

Permanente arealer som tas i bruk i forbindelse med ny trase av E134 skal entes avklares med inngåtte avtaler eller ved fradeling og salg av areal (ekspropriasjon).

Alle midlertidige areal som blir brukt i samband med anleggsperioden (deponi, lagerplass, veger, brakkeriggjar etc) skal ha inngåtte avtalar om leige av areal.

Minner og om at all oppsetjing av skilt og andre faste installasjonar (skilt, infotavler, master etc) utanfor vegtraseen, skal ha løyve frå grunneigar og inngåtte avtaler.

Statskog ber om å få tilsendt vedtak frå Odda kommune når dette føreligg i saka.

Referat:

Gjennomgang ved leiar.

Vedtak:

Styret har ikkje merknader til Statskog sitt høyringsinnspel.

Samrøystes